

Justis- og beredskapsdepartementet
Innvandringsavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Deres ref: 12/7059- AKB

Vår ref: 13/1673-4/MAVA

29.05.2013

Høyring om forslag til endring i utlendingsforskrifta- styrkt heimel for PST sin søketilgang i utlendingsforvaltninga sine datasystem

Vi viser til Justis- og beredskapsdepartementets sitt høyringsbrev datert 6. mai 2013 med forslag til endring av utlendingsforskrifta. Høyringsfrist er sett til 31. mai 2013.

Departementet foreslår å innføre ein forskriftsheimel som gjev Politiets Tryggingsteneste (PST) ein generell søketilgang i utlendingsmyndigheitene sine datasystem. Den nye forskriftsregelen vil vere heimla i departementet sitt forslag til ny § 128 i utlendingslova, slik det går fram av Prop. 141 L (2012-2013) *Endringer i utlendingsloven mv. (behandling av sikkerhetssaker)*. Den foreslegne § 128 femte ledd gjev heimel for ein forskriftsregel om at PST får generell søketilgang. Søketilgangen vil gjelde saker som «kan berøre» grunnleggande nasjonale interesser eller utanrikspolitiske omsyn.

Utlendingsdirektoratet (UDI) støtter departementet sitt forslag til ny forskriftsheimel. UDI meiner det er positivt at PST får tilgang til å søke direkte i utlendingsmyndigheitene sine system, utan å gå vegen om førespurnad til UDI i kvar einskild sak. Som departementet peikar på i høyringsbrevet er det vanskeleg for UDI å gjere ei reell vurdering av om det er naudsynt å utlevere opplysningane, jamfør forvaltningslova § 13 b nr. 5.

UDI meiner det er positivt at søketilgangen vert regulert i forskrift. Vi har samstundes merka oss at departementet, i samband med ei breiare vurdering av PST sin tilgang til informasjon frå andre forvaltningsorgan, vil vurdere om det på eit seinare tidspunkt er tenleg å innføre ein heimel direkte i lov.

Nedanfor følgjer Utlendingsdirektoratet (UDI) sine merknader til den foreslegne forskriftsendringa.

Merknader til punkt 4 Departementet sitt forslag

I forslaget til ny forskriftregel får PST tilgang til «Utlendingsdirektoratets dataregister og saksbehandlingssystem». Som departementet nemner i punkt 3 i høyringsbrevet finst det flere ulike fagsystem for sakshandsaming. UDI vil difor foreslå å endre ordlyden til «Utlendingsdirektoratets dataregister og saksbehandlingssystemer».

Merknader til punkt 5 Forholdet til menneskerettigheter og personvern

UDI har merka seg at departementet meiner det vil vere lite tenleg å innføre eit delt handsamingsansvar mellom PST og UDI. Vi har også merka oss at departementet meiner at omsynet til kontroll med handsaminga av personopplysningar er tilstrekkeleg ivareteke gjennom dei vanlege kontrollsystema for registra.

Departementet skriv i høyringsbrevet at PST sin handsaming i UDI sine system er avgrensa til å søke fram personopplysningar og at PST ikkje skal registrere eller gjere endringar i regisitra. UDI gjer merksam på at gjeldande tilgang også inneber skriverrettar, da brukarane må ha dette for å få tilgang til dei dokumentene som er lagra i det elektroniske arkivet. Etter UDI sitt syn er det nødvendig at PST i tillegg til å søke fram personopplysningar også har ein avgrensa åtgang til å gjere registreringar i systema knyta til deira rolle i utlendingsforvaltninga og den informasjonen dei skal gi til UDI etter utlendingslova.

UDI meiner det er viktig å få på plass ein særskild avtale som regulerer forholda mellom UDI og PST, jf personopplysningsforskrift § 2-7. Ettersom forskriftsendringa er meint å tre i kraft så snart som råd bør arbeidet med å utarbeide ein slik avtale starte opp med det same. UDI vil utarbeide eit utkast til avtale som vi tek sikte på å legge fram for PST innan kort tid.

Merknader til punkt 6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Som departementet peikar på i høyringsbrevet er dei tekniske tilgangane allereie på plass. Vi er einige i at forslaget inneber ei viss arbeidssparing for UDI ved at det ikkje lenger vil vere naudsynt å handsame førespurnader frå PST i kvar einskild sak.

Med helsing

Stephan Mo
avdelingsdirektør

Marius Mølmen Moen
underdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk i Utlendingsdirektoratet og har derfor ingen signatur. Brevet sendes kun elektronisk.